# Kulde ga økt strømbruk

**VINTER:** I fjor brukte vi 220 terrawattimer med strøm. Det er en økning på 3,5 prosent fra året før. Årsaken er innlysende: Det var kaldere i 2012 enn i 2011. Ifølge tall fra SSB var gjennomsnittstemperaturen i fjor bare 0,4 grader høyere enn det som regnes som normaltemperaturen, mens året før lå den 1,8 grader over normalen. ©NTB



# Forskere er bekymret for Arktis

VERDT Å VITE

**HAV:** Forskerne er bekymret for at det økende utslippet av $CO_2$ vil forurense havet slik at både fiske og andre aktiviteter blir rammet. Havområdene i Arktis er spesielt sårbare. – Havet har tatt opp en vesentlig del av utslippene. Nå truer opptaket det marine økosystemet, sa forsker Richard Bellerby ved Norsk institutt for vannforskning da han innledet på en konferanse om havforsuring i Bergen mandag. ©NTB



# ed ny leder



er vil kunne søke seg mot LO på grunn av samfunnsutviklingen.

# Oboist tar plass i LO-ledelsen

Det kom overraskende på mange, ikke minst hovedpersonen selv, da valgkomiteen foreslo at lederen for Musikernes Fellesorganisasjon, oboisten Renee Rasmussen, skulle få plass i LO-ledelsen. Hun tar det som en spore til å jobbe mer for utdanningsgruppene i LO.

– Jeg er opptatt av at vi får inn flere med høyskole- og universitetsbakgrunn. Vi må finne ut hvorfor vi ikke får vervet flere av dem. Vi må også ivareta de høytutdannede innad i LO, og se deres utfordringer og ønsker. Det håper jeg jeg får mye tid til å jobbe med, sier hun.

Rasmussen er utdannet fra Norges Musikkhøgskole, og har jobbet som musiker i mange sjangre. Hun har jobbet ti år i marinemusikken i Horten før hun ble tillitsvalgt på heltid.

– Det blir nok en del tid til jeg kan sette meg ned og øve igjen. Men jeg håper definitivt jeg får jobbet med kultursaker i LO-ledelsen, sier hun.



Renee Rasmussen



**SEINARE:** Om to periodar er det ein SV-ar i LO-leiinga, trur Leiar for LO Rogaland Rolf Bersås, som er leiar for SV i Stavanger. Biletet er frå SVs landsmøte i fjor. FOTO: ANETTE KARLSEN, SCANPIX

# Må ha Aps partibok

**MEDLEM:** Mens LO for fyrste gang opnar pengesekken for partiet Raudt, må partiboka framleis vera i orden for å sleppa inn i LO-leiinga: Heile LO-leiinga er også medlem i Arbeidarpartiet.

LO-LEIINGA

**Av Anne Kari Hinna**

Leiar for LO Rogaland Rolf Bersås trur framleis det vil gå mange år før tida er moden for ein SV-ar i LO-toppen.

– Det burde vore gjennomført ei oppmjuking for lengst spør du meg, men eg trur det må gå eit par kongressperiodar til. Om to periodar så er det ein SV-ar i LO-leiinga, seier Bersås, som sjølv er leiar for SV i Stavanger.

*– Om åtte år?*

– Ja.

### Overraska over Raudt

Den nye LO-leiaren Gerd Kristiansen har ingen sterke meiningar om det også i framtida berre bør sitja Ap-folk i LO-toppen.

– Det er valnemnda som lager innstillinga til kongressen på leiing. Der har eg ingen sterke meiningar, seier ho.

*– Så då har du heller ingen sterke meiningar mot det?*

– Eg trur eg veldig godt kunne ha levd med folk frå andre parti i leiinga, seier Kristiansen, men ho blei litt overraska over at LO-kongressen gjekk inn for å løyva 200.000 kroner til Raudt sin valkampanje.

– Ja, eg er eigentleg litt overraska. Rødt er ikkje del av regjeringa, og ligg ikkje an til å bli det. Det er jo valkampstønad til regjeringsalternativet vi gir. Derfor vart eg overraska når Raudt fekk stønad, seier ho.

Heller ikkje nyvald LO-nestleiar Hans-Christian Gabrielsen vil avsløra om han har sterke meiningar om partiboka også i framtida må vera i orden.

– Det må den til ei kvar tid sittande kongress og valkomitear ta stilling til, seier Gabrielsen.

### Kom til kort

Blant kandidatane som blei stilt til disposisjon for LO-leiinga, var Raudt-medlem Ingunn Strand Johansen frå Fellesorganisasjonen. Men valkomiteen avviser at partimedlemskap har vore på agendaen.

– Det har ikkje vore tema ved dei forhandlingane som har vore, seier Anders Skattkjær, Fellesforbundet sin representant i valkomiteen.

*– Som nestleiar i Fellesforbundet, ser du noe problem med at ein SV-ar, eit Raudt-medlem eller ein partilaus blir vald inn i LO-leiinga?*

– Eg vil seia det slik: I leiinga for Fellesforbundet er det representantar for ulike politiske og partipolitiske standpunkt. For vår del er det eit uttrykk for at vi har ei leiing som er representativ for medlemmene, seier Skattkjær.

FO-leiar Mimmi Kvisvik er godt nøgd med at LO-leiinga har fått inn ein representant med høgare utdanning. Det var vore veldig viktig for FO. Om det var feil partibok som gjorde at FO sin eigen kandidat ikkje var aktuell for valkomiteen vil Kvisvik ikkje spekulera i no.

– Politisk er det litt trist viss det skulle vera slik, men eg går ut ifrå at det er heilskapa i personkabalen som har vore avgjerande for valkomiteen, seier ho.

anneh@klassekampen.no